

Det Norske Mikrofinansinitiativ

Det er eit faktum i dag at fattige mennesker i den tredje verden ikkje får tilgong til å ta del i den globale kapitalismen og verdsmarknaden. Dette er eit stort problem, då marknadskrefter og startkapital/finansiering til knopsyting er med på å løfte mennesker ut av fattigdom.

Noreg er flinke på bistand, men det er ei form for bistandsarbeid me kan driva meir med. Det er mikrofinans. I Noreg er det statseigde fondet «Norfund» den største aktøren innen mikrofinans. Saman med Ferd, Storebrand, DnB NOR/Vital og KLP har Norfund investert 600millionar kroner i Det norske Mikrofinansinitiativet (NMI), eit unikt offentleg-privat samarbeide (OPS) for fattigdomsmotverknad i utviklingsland.

Mikrofinans er ei samlebetegning på tilbod på finansielle tenestar til fattige mennesker - særskild i utviklingsland - som elles er utestengd. Tradisjonelt har mikrofinans vore avgrensa til institusjonar som tek imot «mikroinnskudd» eller «mikrokreditt» - ei nemning brukt om små lån til mennesker som ikkje vert regna som kredittdverdige av vanlege bankar. Då desse ordningane har vorte så vellykka så har ein utvida det med mellom anna «mikroforsikring».

Muhammed Yunus og Grameen Bank i Bangladesh vann i 2006 Nobels fredspris for sitt arbeid med mikrofinans. Det var der det heila tok fart, seinare driv mange private og offentlege med mikrofinans. I Noreg finn ein mellom anna Care Norge, Strømmestiftelsen og Misjonsalliansen.

Mikrofinans kan seiast å snu tradisjonell bankverksemد på hovudet; medan vanlege bankar typisk lånar ut pengar til rike menn, er det særskild fattige kvinner som får lån gjennom mikrofinans. Og medan vanlege bankar forlangar tryggleik i til dømes fast eigedom, baserer mikrofinans seg på tillit. Lån i ordinære bankar krev mykje meir papirarbeid, mikrofinans er tilgjengeleg også for analfabetar.

Kvinnene er oftest i fleirtal blandt fattige befolkningsgrupper, allikevel vert kvinner både sosialt og økonomisk undertrykka. Det viser det seg at kvinnene forvaltar inntekta på ein betre måte for familien som eining, enn menn. Av di er dei fleste mikrofinansprosjekter retta mot kvinner.

Venstre meiner ikkje at ei slik kjønnsdeling skal vera avgjerande, men ser svært positivt på den utviklingskrafta mikrofinans har hatt og vil ha framover.

Det er ofte slik at mikrofinans vert kritisert for å vera ein måte å «tena pengar på» dei fattige. Dette er ein svært därleg framsyning. Mikrofinans gir mennesker som elles ikkje ville fått moglegheita ein sjangse til å ta del, skapa noko nytt, ta utdanning eller oppretta verksemد. Tilbakebetalingsprosenten er svært høg, og menneska betalar tilbake når dei tenar så godt at dette er mogeleg. Når kapitalen vert tilbakebetalt så går attende inn i fondet, der det lånest ut på ny. Systemet fungerar kummulerande, der staten kan gå inn med eit innskot som over tid vil veksa seg større.

Venstre vil:

- Utvide Det norske Mikrofinansinitiativ til å gå inn i fleire land.
- Sikre løpende tilskot til Norfunks fond.
- Vurdere alle måter å videreføre Det norske Mikrofinansinitiativ til å bli eit at Noregs hovudaktørar innan bistand.